

Vedlegg 1 Utdanning av helsepersonell – dimensjonering

Grunnutdanning omfattar studium ved vidaregåande skular, høgskular og universitet der studentane har helseføretaka som praksisarena. Fylkeskommunane har ansvar for dei vidaregåande skulane. Opplæringskontora i fylka skal i samarbeid med praksisarenaene sikre læreplassar i dei yrkesfaglege utdanningane. **Vidareutdanning** omfattar legespesialistutdanninga og studium ved fagskular, høgskular og universitet der studentane har helseføretaka som praksisarena (og arbeidsplass). Høgskular som tilbyr vidareutdanning, skal i forkant inngå avtalar med helseføretaka om praksisplassar. Ein skal prøve å løyse eventuell usemje i samarbeidsorganet.

Nedanfor er ein oversikt for Kunnskapsdepartementet sine forslag til kandidatmåltal for 2017. Kandidatmåtalet for kvar enkelt institusjon er eit *minstekrav*. Endelege tal ligg føre i Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev for 2017 til utdanningsinstitusjonane og kan formidlast frå institusjonane i dei regionale samarbeidsorgana.

Helseregion	Høgskule Universitet	Obligatorisk praksis			Ikkje obligatorisk praksis			ABIOK- sjukepleie	Jordmor
		Sjuke- pleie	Radio- grafi	Bio- ingeniør	Fysio- terapi	Ergo- terapi	Verne- pleie		
Helse Sør-Øst	Høgsk. i Hedmark	164						23	
	Høgsk. i Lillehammer						57		
	Høgsk. i Oslo og Akershus	492	34	50	134	51	147	120	34
	Høgsk. i Østfold	109		22			61	20	
	Høgsk. Diakonova	83						28	
	Lovisenberg diak. høgsk.	151						48	
	Univ. i Agder	203		20			35	25	
	Høgsk. i Sørøst-Norge	336	20				45	51	20
Helse Vest	Høgsk. på Vestlandet	435	25	23	60		86	60	35
	Univ. i Stavanger	163						34	
Helse Midt-Norge	Høgsk. i Molde	79					38		
Helse Nord	Nord univ.	328					30	26	
	Univ. i Tromsø	261	24	20	25	20	64	50	20
Fleire RHF	NTNU	425	51	73	52	57	70	134	25
	VIS vit.sk. høgskule	248				30	110	22	
		3 477	154	208	271	158	743	641	134

Ver merksam på samanslåtte institusjonar med lokalisasjonar i fleire RHF.

Audiografutdanninga ved NTNU har kandidatmåltal 29.

Følgjande kandidatmåltal er fastsette for medisin, psykologi og farmasi ved universiteta:

Universitet	Medisin	Psykologi prof.utd.	Farmasi MA
Universitetet i Oslo	192	104	55
Universitetet i Bergen	156	80	25
NTNU	114	63	12
Universitet i Tromsø	84	31	25
	546	278	117

TURNUSTENESTE Helsedirektoratet har det overordna ansvaret og fastset kor mange turnusplassar for legar og fysioterapeutar det skal leggest til rette for. Regionansvarlege fylkesmenn har fått delegert myndigheit til å skaffe turnusplassar for fysioterapeutkandidatar, dei informerer dei regionale helseføretaka om forventa behov dei kommande åra. Talet på turnusplassar for legar blir vidareført i 2017. Talet på turnusplassar for fysioterapeutar blir vidareført i tråd med auken i 2013.

FORDELING AV NYE LEGESTILLINGAR

Sentral fordeling av nye legestillingar tok slutt 1. juli 2013. Det skal framleis opprettast legestillingar i tråd med behova i samsvar med dei regionale helseføretaka sitt sørge for-ansvar, den helsepolitiske styringsbodskapen og dei økonomiske rammene som er stilte til disposisjon. Gode lokale, regionale og nasjonale analysar av kompetansebehov framover skal leggest til grunn for dei regionale helseføretaka si fordeling av legar til helseføretaka og mellom spesialitetar. Dei regionale helseføretaka skal særleg vurdere behovet for legestillingar til spesialitetar der utdanningskapasiteten i dag blir rekna for å vere for låg, og spesialitetar der behovet for legespesialistar vil endre seg i åra framover som ei følgje av befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling og organisatoriske endringar i helseføretaka. Seinare år er det bede om at stillingar innan onkologi og patologi framleis skal prioriterast.

RHF skal bidra til at Legestillingsregisteret i Helsedirektoratet alltid er oppdatert.